

Ole Jarle Malkenes
Kirsten Flagstads vei 20
5146 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4200 - 21/70482

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
25.10.2021

Søknaden om oppføring av kai og flytebrygge vert avvist - gbnr 106/124 Fanebus

Administrativt vedtak.

Saknr: 1139/21

Tiltakshavar:

Ole Jarle Malkenes

Søknadstype:

Søknad om tiltak utan ansvar

Søknad om dispensasjon


VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av kai og flytebrygge avvist. Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring/utbetring av kai og utlegging av flytebrygge med landgang på eigedomen gbnr 106/124 slik det går fram av situasjonsplanen.



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås 2019 - 2031, planid 201805, er avsett til LNF-føremål. Området i sjø er avsett til «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone».

Tiltaket er ikke i samsvar med plangrunnlaget og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon fra arealføremålet både på land og i sjø, samt det generelle byggeforbodet i strandsona, jf. plan- og bygningslova § 1-8.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikke er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Tiltaket er i strid med plangrunnlaget på land og i sjø, samt plan- og bygningslova § 1-8, og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon for alle desse forholda. Omsøkt dispensasjon er ikke dekkande, i tillegg er søknaden ikke grunngitt. Søknaden må grunngjevast i forhold til dei omsyn arealføremålet på land og i sjø, samt byggeforbodet i strandsona skal ivareta. Vi gjer for ordens skuld merksam på at Strandplanlova vart oppheva i 1985.
2. Teikningsgrunnlaget er ikke tilstrekkeleg for å vurdera søknaden. Det er opplyst at tiltaket gjeld utbetring av kai. Teikningane må visa eksisterande og nytt/omsøkt tiltak. Det må utarbeidast plan- og snitt-teikningar.
3. Det må gjerast greie for når eksisterande del av kai vart oppført og om det ligg føre løyve.
4. Det ser ut som kai skal førast opp i nabogrensa mot gbnr 106/125. Omsøkt plassering krev samtykke frå nabo eller at det vert søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4 sine reglar om avstand til nabogrense.
5. Oppføring av kai og flytebrygge slik omsøkt er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-3, dvs eit tiltak som krev bruk av ansvarlege føretak. Kommunen kan unnta frå kravet om ansvarsrett for mindre tiltak av liten kompleksitet.

Kommunen vurderer at søknaden ikke er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikke er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vera komplett før kommunen kan handsama den, jf. bygesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vera tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Jarle Malkenes

Kirsten Flagstads vei 20 5146 FYLLINGSDALEN